



JAKOB STRAUME

# KRISTENLIV

I HARDANGER, SUNNHORDLAND

OG KARMSUND



med sjølv sagt at Kinamisjonen var velkommen. Emissærane fekk lov til å tale på skulehuset når dei kom. Men dei måtte ikkje ta opp kollekt eller samle pengar til Kinamisjonen, for det ville gå ut over inntektene til dei andre . . .

Men så kom vekkingane over Halsenøy og Valen i 1923, og den braut mang ei demning. Mellom dei vakte på Halsenøy var Askild og Anna Sandvoll. Dei var då handelsfolk på Halsenøy.

Vekkinga på Valen i 1931 ved Torbjørn Pedersen breidde seg også til Sandvoll. Då hadde Askild og Anna Sandvoll flytt heim att til Sandvoll og dreiv handel og pensjonat der. Under vekkinga blei det skipa eit misjonslag for Kinamisjonen på Sandvoll, og Askild Sandvoll blei formann i laget dei første 25 åra.

Fru Sandvoll og fru Ersland og nokon til tok til å hekle eit sengeteppe som dei lodda ut til Kinamisjonen. Men dette tiltaket blei til eit kvinnelag som arbeider trufast jamsides misjonslaget.

Då eg i 1958 gjekk heim frå bedehuset, låg Høylandsundet stavstilt og lysa frå Høylandsbygda tindra i stille kveld. Då spurde eg:

«Er der ikkje noko arbeid for Misjonssambandet i denne vakre bygda?»

«Nei, ikkje no lenger . . .»

Men der var. I 1905 gav Hauge forening i Høylandsbygden 10 kroner til Kinamisjonen ved emissær Skudal, og i 1912 sende Høylandsbygda forening kr. 58,33 ved Johannes M. Mehus. Seinare blei det Serine Eide som sende pengane kvart år til 1926, og då sende ho kr. 237,74. Så fortel ikkje kassaboka meir om henne. Men seks år etter nemner kassaboka ein kollekt på 16 kroner. I 1936 sende G. Nerhus 93 kroner fra Høylandsbygda kvf. Året etter kom 121 kroner, og i 1939 sende Peder Bjørge 105 kroner. Og med det ser det ut til å vere slutt. Men underleg må det vere om der ikkje skulle finnast ei glod i oska etter så mykje varme.

*Tormod Torekåven. Uskedal* er ei mil lang, og er sørlegste bygda i Kvinnherad. Fjella reiser seg bratte mot sky. Løa til Hans Døsland står opp i dalen på sørsida. Der blei Samskipnaden født i 1864. Myklebust ligg på nordsida. Garden ligg vakkert i bakkehallet. Det er ein gamal gard. Det gamle stabburet på øvre sida av tunet var ein gong tingstove med rosemåla lister kring dører og glas. På namneplata over glaset står: «Dette huus er opsaat af Lensmand Richard Sørensen og Anna Paalsdatter Aaret 1766».

Knut og Brita Myklebust dreiv garden her i 1860-åra. Knut var fødd 1811 og var med i første styret for Samskipnaden.

Brita var frå Musland, som ligg øvst i dalen, og ho var fødd 1830. Ho



var eit menneske med stort hjartelag. Knut fekk to born med henne. Det var Synneva og Engel. Dessutan fekk han 12 fosterborn frå bygda. Det var slike som mor døydde frå. Dei fleste blei på Myklebust til dei fekk eigen heim, og då fekk dei både ku og sau i heimanfylgje.

Frå gamal tid rak mange førseljekter gjennom fjorden. Dei førde alle slags varer som bonden ville selje og byfolket trong. Heim att førde dei alt det som folket kring fjorden trong å kjøpe.

Ein dag tørna ei jekt i Herøysund. Ombord stod ein mann frå Oddadalen, medels høg og tettvaksen. No var han over dei tretti, og såg seg om etter ein gard. Mannen heitte Tormod Torekåven.

Ein mann frå Vintertun i Oddadalen hadde slege seg ned i Herøysund, og han hadde varsla Tormod om at her var ein bra gard som var til sals. Men då Tormod Torekåven kom, var garden seld.

Dette var eit vonbrot, men han hadde ofte set at det var Gud som leidde han i det som hende, også i vonbrota. Men Vintertun tok ein annan tone.

«Det finst ein finare gard her i bygda, og på garden går ei uvanleg vakker jente,» sa Vintertun.

«Eg er ikkje på utkik etter gjenter,» svara Tormod harm.

Ein laurdag tok jekta hamn på Nordre Skorpevåg, som vender mot fjorden, og ligg på øya Skorpa ved Uskedal.

Søndagsmorgon tok han helgakleda på. Den ermlause trange bulen som han gjekk i til kvar dags, la han av, og no hadde han teke på den raude vadmålsvesten med to rader tinnknappar. Kring halsen hadde han kapp med tversløyfe. Trøya og knebuksa var blå. På føtene hadde han sko med blanke spenner, gråkvite spøtesokkar som var bundne til med raude og grønspeitta sokkeband.

No rodde han til lands med kameraten sin.

Komme til gards, møtte dei skomakaren Helge Feet, som reiste rundt i bygda og laga sko til folk. Helge Feet var lesar og budde på garden Feet i Uskedal.

Tormod Torekåven spurde etter om dei truande samlast om Guds ord.

Jau, dei plar samlast søndag i middagstida i skulestova i Uskedal.

Helge Feet fylgde Tormod Torekåven til samlinga, og dei blei vener for livet. Knut Myklebust leidde møtet. Her fekk Tormod Torekåven vitne om den nåde som han stod i. Knut Myklebust likte vitnemålet hans og bad han med heim. Dei to blei vener.

«Du er velkomen att,» sa Knut då Tormod takka for seg.

Når ferda seinare gjekk gjennom fjorden, ankra jekta ved Uskedal når det var høve til det, og han fann vegen til Myklebust, og der gjekk den vakre Synneva og såg etter han.



Men no tok bygdefolket til å drøfte han, som skulle bli måg på Myklebust. Kvasse tunger fann ut at han var rosenianar, og det var ei fæl vranglære. Synneva visste ikkje si arme råd. Ho visste at ho var glad i Tormod. Men ho visste ikkje kva den fæle vranglæra var for noko. Slik drøset gjekk, var det nok best å snakke med far.

«Eg vil heller ligge under torva, enn at folk skal få tyne forholdet mellom deg og Tormod,» sa han. Der med var alt sagt.

Den 12. juli 1874 blei Tormod Torekåven vigd til Synneva Myklebust, og han tok namnet Tormod Myklebust.

Han var ein frigjort og glad kristen og blei ein eldfull talar. Folk fekk rett i at han var rosenianar, og mang ein trøytt syndar fann kvile når han tala. Men då spurde lovtrælane:

Er frelsa verkeleg så fri som Myklebust seier?

Tormod Myklebust blei mykje diskutert mellom lesarane, og mange syntes at han var alt for fri. Men ein dag stod han fram på ei storstemne for Indremisjonen, visst nok på Hatlestranda, og der sang han songen: «Om nogen nu mig spørge vil om grund til salighed». Den dagen blei det slutt på diskusjonane om Myklebust.

Han fekk hjelpe mange til åndeleg frigjering, også Brita Myklebust. Ho hadde vore ein stor lovtræl. Men no blei ho verkeleg fri. Det hende at ho fylgde svigersonen sin på stormøte, og der vitna ho om frigjeringa i Kristus som andre profetkvinner.

Tormod Myklebust var ein førar. Han hadde både klårsyn og hjartelag. Mod hadde han og til å seie det han meinte var rett både til høg og låg.

På eit møte på skyttarhuset på Mo i Øystese kom han i håra på prost Christie i Kvam, som han skulda for å vere grundtvigianar. Men då bad provsten han reise heim att til Torekåven . . .

Tormod budde på Myklebust all sin dag. Men han reiste mykje. I 19 år leidde han Samskipnaden og tala ofte Guds ord, og leidde alle årsmøta i denne tida så nær som det siste. Det leidde Johannes Brandtzæg. Men Myklebust slutta møtet med desse ord: «Eg vil takke alle som har vore med her i dag og gjort møtet oppbyggelig. Men ikkje oss, Herre, men ditt namn vere lova.

La oss skiljast med det ynskje at Guds kjærleik må vere utrent i hjarto våre ved Den Heilage Ande. Herren signe arbeidet i året som kjem.»

Tormod Myklebust slokna året etter, 58 år gamal.

Jakob Tråsdahl gav han dette ettermæle: «Han var en trofast, varm-hjertet og frimodig kristen med klart syn og stor innsigt i evangeliets hemmeligheder tillige med klar fremstillingsevne av de guddommelige



sandheder. Disse nådegaver var ofte skjult for ham selv. Men når han optrådte, så vi at Herrens Ånd var over ham.»

Tormod og Synneva Myklebust fekk 8 born. Brita var eldst og blei heime i Norge. Alle dei andre reiste til Amerika. Men Amund kom heim att og tok garden, og Albert kom heim att for å tale Guds ord.

I 1894 gjekk lærarinna Lene Sundal i gang med eit barnelag i Uskedal. Men først bad ho borna spørje foreldra om lov til å vere med i laget.

Brita T. Myklebust var tretten år, og ho spurde far om lov.

«Jau, du skal få vere med i det laget, for eg er så glad i Johannes Brandtzæg,» svara Tormod Myklebust.

Frå den dagen var Brita glad i Kinamisjonen for far si skuld, og den kjærleiken heldt livet til endes.

Men Kinamisjonen fekk ikkje sers romslege kår i Uskedal dei første åra. Indremisjonen rådde grunnen, og førarane budde i Uskedal.

Då Tormod Myklebust slokna, kom Bertel Myklebust inn i styret for Indremisjonen. Han var gift med Engel Myklebust og budde i Uskedal.

Lærer J. Thunold var lærar i Uskedal og tok sekretærarbeidet etter Tormod Myklebust.

Ole Vågen frå Onarheim budde ute i Vågen i Herøysund, ei snau halvmil sør om Uskedal.

Alle tre var med i styret for Samskipnaden. Dei åtte eit klårt evangelisk syn, som dei ervde etter Tormod, og omsorg for å vinne sjeler.

I 1905 kom to unge karar til Uskedal. Dei fann fram til lærar Thunold og hadde skotsmåls-brev med frå Sjur Aksnes. Det var Gitle Ragnhildstveit og Ivar Sollesnes. Dei skulle reise for Indremisjonen.

Thunold tok vel imot dei og let dei halde møte på skulehuset om kvel-dane. Så fekk dei bu oppe på Myklebust. Om dagen traska dei rundt bygda frå dør til dør med ei helsing til folk om det dei hadde på hjarta.

Ein søndagskveld fall Guds Ånd over folket, og Sollesnes tok ettermøte med knefall. Men det var noko nytt og framandt der i bygda, og folk eva seg.

På mannssida sat Ole Vågen d. y. Han var son til Ole Vågen i Herøysund, og var gift med Brita Myklebust, som sat ilag med mor si på kvinnesida.

Under bønemøtet reiser Brita seg, går bort til Ole og spør lågt:

«Kan me bøye kne ilag?»

Ole Vågen var glad fordi ho kom nett no, og dei to bøygde kne, og der gav Ole Vågen seg over til Gud.

«Gud skal løna deg i all æva for at du kom no,» sa han til Brita.

Albert sat heime. Han gjekk i skomakarlære. Dessutan hadde han anna



å tenkje på. Neste søndagskveld skulle han tale i det frilynde ungdomslaget. Men då mor kom heim frå møte, såg ho så underleg på han.

«I kveld gav Ole seg over til Jesus,» sa ho.

«Han . . .? Ole har vel alltid vore ein kristen,» sa Albert.

«Nei,» sa mor. «Men i kveld kom han. Vil ikkje du også kome til Jesus no?» spurde ho så inderleg.

Men Albert let med at det hadde vel ikkje slik hast.

«Eg vil heller gå fortapt enn at eg vil at *du* skal gjere det,» sa ho.

Då strauk Albert på dør. Han gjekk over tunet og inn på den store låven. Der bøygde han kne i mørkret og gav seg over til Gud. Ikkje lenge etter gjekk lyset frå Golgata opp i sjela med skinande klårleik.

Det blei ikkje noko av foredraget han skulle halde i ungdomslaget. Han fekk det beint fram ikkje til, og sa greidt frå om dette. Etter på gjekk han inn i det kristelege arbeidet, og denne vekkinga hjalp mange inn i Guds rike.

Det synte seg at Albert Myklebust hadde ervt mykje av far sin både som talar og elles. Men då han hadde arbeidt ei tid som skomakar, drog han til Amerika.

Sollesnes bad han bli heime og forkynne Ordet. Men det nytta ikkje.

«Reis til Amerika, du,» sa Sollesnes. «Men eg skal be slik for deg at du finn ikkje ro før du blir forkynnar her heime.»

På side 64 er fortalt om rådsmøtet som samskipnaden heldt i Uskedal 4.—5. januar 1908, og der gjekk dei to fremste leiarane i Uskedal, lærar Thunold og Bertel Myklebust imot den radikale flokken, som gjekk inn for fri nattverd, og dermed var dei mot same flokken i Kinamisjonen. Dette gjorde det ikkje lettare for dei som arbeidde for Kinamisjonen i Uskedal. Men Gud hadde meir i emning.

Då Ole Vågen blei frelst, la Herren han på sjukesenga, og der fekk han god tid til å lese Bibelen og Rosenius.

«Det var då eg fekk føtene på fjellet,» sa han seinare.

Brita hadde nok alltid levd med Gud. Men kjennskapet til synda si fekk ho litt etter kvart. Til sist blei synda som ei stor bør, som ho vanskeleg kunne bli kvitt, og ho var full av otte.

Ei natt braka tora, og lynet blenkte alt i eitt. Brita hadde aldri set eller høyrte maken.

Er det Jesus som kjem no? tenkte ho, og så måtte ho til å kjenne etter om ho hadde kvitta seg med alle synder. Ja, for det måtte ho om ho skulle bli med han inn til brudlaupet. Men nei, ho var nok ikkje kvitt synda, og ho var fortvila i syndesorg.

Men med eitt stod Jesus for henne.



«I meg er du heilag og rein,» sa han.

Då blei ho løyst.

Albert fekk ein framtidspost i Amerika, men han blei fredlaus. Til sist lova han Gud at han skulle fare heim att og forkynne Ordet.

Før jul 1912 var han heime i Uskedal og tok til å tale. Han var kantutt og uferdig, men han brann etter å frelse sjeler. Folk blei enten revne med av han eller harme. Han ottast Gud og elles ingen. Difor blei han omsynslaus, og fekk både vener og fiender.

Myklebust hadde stor evne til å legge ansvaret på syndaren, og det blei vekking mest kvar han kom. Men storm blei det omkring han. Mange syntes at han var hard. Men det blei mykje varande frukt etter han.

Det skulle sterk preikestol til å halde han, og han klaga over at det røynte hardt.

«Ta mindre i,» sa Ole Risvold, lunt.

«Eg veit at livet mitt blir kort. Difor må eg arbeide hardt.»

Albert Myklebust var trulova med Agnes Hannisdal i Dimmelsvik, og framtida lyste fager imot dei. Men så fekk ho kreft. I netter og dagar sat han ved senga hennar, og det nye framtidslandet kom til syne. Der var ingen sjukdom og naud. Glad og takksam gjekk Agnes Frelsaren til møtes, men det var ein knekt Albert som sat att.

Men han fekk mykje nåde etter den tid. Likevel var han for alltid ferdig med jorda. Det gjekk lett for han å kvitte seg både med pengane og med gullklokka si, og så måtte han vere flittig som før.

For Ole Vågen kom det godt med at han fekk føtene på berget. Han kjøpte farty og dreiv fraktfart. Men så kom økonomisk vanskelege tider. Då reiste han til Amerika og gjorde det godt. Han løyste inn farsgarden, og huslyden flytte til Vågen med han var i Amerika.

I 1912 kom Andreas Dahl til Herøysund, og då budde han hjå Brita Vågen. Det var ei sers åndsmakt over Dahl, og det blei ei rik tid, og vesle Tormod gjekk på kvart eit møte.

«Du må gå igang med eit kvinnelag for Kinamisjonen,» sa Dahl til Brita. Ho lova å tenke på det, og ho skreiv til mannen sin i Amerika om det.

«Ingen ting er meir naturleg for oss enn at me må sende evangeliet til dei mange millionar kinesarane, som ikkje har høyrte det,» skreiv han attende.

Kinalaget blei skipa med Brita Vågen til formann, og fleire trufaste vener blei med i arbeidet.

Heime i Vågen samla Brita ofte borna i skuminga kring skinet frå ovnen. Der fortalde ho soger frå misjonen og frå Bibelen.



Ein kveld fortalde ho om kruna, som Jesus hadde ferdig for alle Guds born. Men ein kan stelle seg slik at ein misser kruna si.

Vesle Tormod låg flat på golvet med hendene under nakken.

«Mor,» sa han med stort alvor. «Eg skal ikkje misse kruna mi!»

Då Ole Vågen kom heim att i 1915, bygde han seg hus i Uskedal og flytte dit med huslyden sin. Albert Myklebust budde ofte der med han var heime. Dit gjekk han og då han trøytt og sliten kom heim til jul i 1917. Tormod var 14 år, og mor var sjuk.

«Korleis har du Tormod det med Gud?» spurde Albert.

Det blei ei underleg stund, og det gjekk slik at Tormod knelte ned ved senga til mor ilag med Albert og gav seg over til Gud. Albert vegleidde han inn i Bibelen, og Tormod fann fred og klårleik i Esaias 43, 24—25, som seier: «Ikkje har du kjøpt med kalmus for sølv, og ikkje metta meg med feittet av dine slaktoffer. Nei, du har berre møtt meg med syndene dine.

Eg, ja, eg er den som slettar ut misgjerningane dine for mi skuld, og syndene dine kjem eg ikkje ihug.»

Slik fekk Albert Myklebust hjelpe ein ny førar inn på grunnen til fred og fridom. Men sjølv fekk han heimlov to år etter.

«Arbeidsdagen din blei kort, men signerik,» skreiv lensmann Gerhardsen i Finnås til gravferda hans.

Guro Stensletten, fødd 1854, kom tidleg til liv i Gud, og blei jamt å sjå der folk samlast om Guds ord, og ho ynskte å få tene Jesus, som gav livet sitt til frelse for henne.

Det var utruleg kor mykje ho greidde å gjere for misjonen. Ho var alltid med på basarane med gåver og forbøn, og der var alltid noko som ho hadde laga med eigne hender« Ofte var det eit vakkert åkle, som var verdt mange pengar.

Kvar haust gjekk ho fram om kvar manns dør i dalen, som hadde sauer. På ryggen bar ho ein kvit sekk. Då visste alle at ho samla ull til misjonen, og ho slapp å seie kva ho ville. Ingen sa nei når Guro bad om noko til Guds sak på denne måten.

Då Guro var 80 år, blei tenesta hennar bak den stengde døra. Men ho var like trugen som før. Ho bad for misjonen, for emissæren, misjonæren og brorsamfunnet. Det siste trongst ikkje minst. Folk som kom inn i kammerset til Guro Stensletten, kjende at dei stod på heilag grunn.

Då Brita og Ole Vågen flytte til Stord i 1919, blei Marta Bringedal formann for kvinnelaget ei tid.

Amund og Anna Myklebust tok seg av Kinamisjonen etter Marta Brin-





Anna Lilletvedt  
f. Steine.



Sigurd Tolo.



Svein Wilhelmsen.



Anna Lampe.



Steinsfossen i Kvam.



Brigt og Martha Øistesø.



Synneva Vik.



Jondal.





Nils O. Valland.



Amund Lid.



Arne Åno.



Andr. Kallestein.



Ole Brandal.



Anders Nes.



Anders Eide.



Margrete Skumsnes.



Kinavener frå Odda vitjar i Røldal. Første rekke frå vinstre: Adjunkt Zarbel-Engh og huslyd. Nils Svalastog frå Telemark, og Hedvig Sandve. — 2. rekke: Nils Træen, Leif Sortland og Bjarne Sandve.